

Styrende dokumentasjon og maler				
Dokument nr.	Revisjons nr.	Utarbeida av	Godkjend av	Dato
01	01	JOM	JOM	20.10.2024



Referat

Dato: 20.11.2024
Tid: 11.00 – 11.45
Referent: Jan Olav Å. Møller

Samordningsmøte etter flaumhendinga «Jacob» – Østfold Energi AS, Årdal kommune og NVE.

Møte nr: 01/24
Stad: Teams
Til stades: Østfold Energi v/ Torbjørn Kirkevold, Dagfinn Bentås, Jan Olav Å. Møller
Årdal kommune v/ Mette Hestetun Berg, Bjørn Indrebø og Ellen Petrine Fretheim
NVE v/ Randi Holme, Ivar Fivelstad, Thomas Kristensen
Kopi til: Internt.

	Ansvar / frist
<p>Utsendt agenda:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Status etter flaumen - kommune og regulant - Samordning <p>Status: ØE: Regulant orienterte kort om vassføringa under flaumen og gjekk gjennom dømer på typiske skader og spor etter flaumen. Sentralt for hendinga er at regulant gjorde tiltak(nedtapping og overføring) i forkant for å dempe flaumen, nedbørsprognosar for Lærdal stemte bra, medan det kom meir nedbør i Årdal.</p> <p>Regulant følgde med i høve vassføringa og hadde personell ute på staden tidleg på morgonen 1 nov, ein til to timar etter flaumtopp, samt svara ut telefonar frå grunneigarar/bebuarar ut over morgonen. Med omsyn til vassdraget sin flaumkapasitet vart ikkje situasjonen opplevd som kritisk av regulant, anna enn at om flaumen hadde vara nokre timar til, eller vore større, ville koplingsanlegget vore meir utsett. Regulant peika elles på at med unntak av arealet ved dagbygget, toler vassdraget ein ny flaum.</p> <p>ØE lager plan for gjennomføring av tiltak ved koplingsanlegget ved dagbygget i Naddvik, i tillegg lager ein plan for mindre tiltak i vassdraget i form av rensking, hentar ut stein og liknande.</p>	

Styrende dokumentasjon og maler				
Dokument nr.	Revisjons nr.	Utarbeida av	Godkjend av	Dato
01	01	JOM	JOM	20.10.2024

	Ansvar / frist
<p>Konsulentselskap er inne og gjennomfører laserscanning av vassdraget for å kunne dokumentere eventuelle massar som er tilført, samt eventuelle stadar elva har gravd. Desse data dannar grunnlag for vidare utarbeiding av grovmaska planar for tiltak. Av tiltak regulant førebels ser som sitt ansvarsområde kan vera mindre uttak av stein og tre. Regulant har ansvar for to tersklar nedst i vassdraget, som regulant kjem tilbake med nærare planar på etter kvart. ØE sender kopi av søknad til kommunen.</p> <p><u>Kommune:</u> Kommunen orienterte om at dei hadde skadar i om lag alle vassdraga. Har gjennomført møte med Hydro og NVE. Kommunen har engasjert konsulentselskap som skal kartlegga alle skadar på bruer og infrastruktur og utarbeider rapport. Kommunen informera regulant om kva som skal gjerast.</p> <p>Samordning og aksjonar: Viktig at kommunen og regulant orienterar kvarandre undervegs, sjølv om situasjonen er under kontroll.</p> <p><u>Ansvar:</u> Generelt ligg ansvaret til den einskilde grunneigar eller eigar av infrastruktur, samt i konsesjon. Private konstruksjonar og areal over fem daa meldast til naturskadefond, medan det som er under fem daa vert dekkja av husforsikringa. Nedstraums Vikadalsbrui: Kommune og grunneigarar. Oppstraums bru: ØE og grunneigarar. Jordbruksvatn ved koplinganlegg: Regulant, pålegg gjennom konsesjon. Massar som evt har samla seg opp i vassdraget: Resultat frå laserscanning er avgjerande og om flaumkapasiteten er påverka. Tersklar nedst i vassdraget er regulant sitt ansvar, kjem tilbake med planar på desse. Tiltak omfatta av konsesjon: Enkel detaljplan til miljøtilsynet i NVE for handsaming. Tiltak som ikkje er omfatta av konsesjon: Vanleg søknad etter Pbl til kommune, uttale frå NVE, Statsforvaltaren og Fylkeskommune.</p>	ØE/ÅK